

## Innspel frå UiB til kvalitetsutviklingsutvalet juni 2023

### Mål

Verktøy, prøvar og datakjelder skal bidra til refleksjon, læring og utvikling på den enkelte skule slik at skular, skuleeigarar og nasjonale utdanningsmyndigheiter kan ta informerte val.

Vi summerer opp innspela våre i tre punkt:

#### 1. Kvalitetsutvikling på alle nivå

Departementet og Utdanningsdirektoratet er ansvarlege for mål og rammer for opplæringa i norsk skule. Arbeidet for å nå mål innanfor spesifikke rammer skjer i kommunar og fylke. Det er viktig at kvalitetsutvikling er eit mål på alle nivå i utdanningssektoren

Kommune/Fylke – Skuleleiar – lærarar – elev (og foreldre)

Arbeidet bør strukturast ovanfrå og ned, og skuleeigar bør ha ansvar for at dette arbeidet blir organisert på ein god måte i kommunen. Arbeidet på alle nivå må ha eit felles fokus og felles mål. Kvant nivå bør ha ansvar for nivået under.

Mogeleg tiltak:

**Utvikle Kompetansepakke(r)** – *Korleis følgje opp nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar osv. på ulike nivå.*

Pakka/pakkene kan innehalde eit «case»/eksempel eller to som viser korleis dei ulike nivåa kan følgje opp prøvane og jobbe med dette i praksis.

Eventuelt kunne deler av pakka/pakkene vere spesifikt retta mot enkelte nivå (skuleeigar, skuleleiar, lærar, elev). Udir har f.eks ei kompetansepakke i samband med ny læreplan der temaet «vurdering» er inkludert. Kanskje kan noko av dette brukast i ei kompetansepakke som handlar om oppfølging av resultat.

**Møte med skuleeigarar.** Udir kan ha innleiande og overordna møte med skuleeigarar med fokus på oppfølging av resultat der ein skisserer korleis eit slikt arbeid kan gå føre seg.

**Involvere utdanningsinstitusjonar.**

Det er ikkje mange utdanningsinstitusjonar her i landet som snakkar om prøvar som ein ressurs for lærarar og skular. Det kan verke som om det på ein del utdanningsinstitusjonar er liten kunnskap om kva rolle tolking av resultat har for at prøvane skal fungere som ein ressurs og ikkje berre eit måleinstrument, og at eventuell kunnskap ikkje når studentane.

#### 2. Støtte til lærar og elevar gjennom kvalitetssikra verktøy som viser utvikling

Lærarar og skular er opptatt av verktøy som kan vise utvikling, dette gjeld både kvalitative og kvantitative verktøy. Verktøya må kunne hjelpe lærarane til å konkretisere tilbakemeldinga til elevar og foreldre (kva kan eleven, kva må eleven jobbe med, kva type oppgåver kan passe for denne eleven). Noko av dette kunne for eksempel vere del av ei kompetansepakke.

Det er viktig at verktøya og hjelpemidla skulane bruker, er kvalitetssikra. I dag rår mange forlag og andre aktørar grunnen med verktøy utan nokon form for dokumentasjon. Og dette betalar mange skular mykje for.

Ein kan også tenkje seg at det vert laga fleire frivillige prøvar som fokuserte på utvikling. Ein

kan tenkje seg adaptive prøvar eller parallelle prøvar.

Vi som arbeider med Nasjonale prøver i engelsk har fått tilbakemelding om at prøven i engelsk blir opplevd som mindre viktig fordi lærarar/skular ikkje kan sjå utviklinga frå 8. til 9. trinn. Ein kunne for eksempel tenkje seg at dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk vart arrangert både på 8. og 9. trinn slik som no (og at engelsk vart inkludert) og på 5. og 6. trinn. Prøvene på 6. og 9. trinn kunne vere meir pedagogiske prøvar som var frivillige og der resultatet ikkje vart rapportert. Det ville då vere viktig at dette vart supplert med materiale som viste korleis prøvane burde brukast og resultatata tolkast.

7

### 3. Elevmedverknad

Elevane treng å vere involvert i eiga læring, og slik sett burde hovudfokus flyttast frå prøve og resultat til arbeidet etter at prøvane er gjennomført. Dette er noko læraren må ta ansvar for (med støtte frå nivåa over + Udir). Målet er at alle elevar forstår både kva dei kan, og kva dei må arbeide vidare med etter prøven, og at dei er involverte i denne prosessen.

Kanskje kunne PAS-tilbakemeldingane i større grad oppsummere kva elevar kan og kva dei kan jobbe vidare med, ikkje berre formulert som meistringsnivå, men som setningar, t.d. «Denne eleven må jobba meir med å lesa lange tekstar». Sjå for eksempel Oxford Placement test for Young learners sitt «Report card» ([Results | Oxford University Press \(oup.com\)](https://www.oup.com/oxford/young-learners/placement-test/)).

Schools can co-brand report cards with their own logo.

**Overall Result includes:**

- score
- CEFR level
- child-friendly club name
- time taken for test

**Section Result includes:**

- score
- CEFR level
- time taken for test (for each section of the test)

Each CEFR level/club has its own image and colour.

Teachers can add their own message for their students.

The score guide shows the CEFR levels and club names, the corresponding score bands, and how the levels can be divided into plus levels. You can use this scale to see where in a CEFR band a learner's score sits.

Guide to what a student in a particular CEFR level can typically do. These 'Learner abilities' are adapted from the CEFR companion volume, and are provided for each section of the test.

This report card is for:   
School name:   
Date taken:

Overall Result	Score	CEFR	Club	Time taken
	80	B1	Orbit	00:33

Section	Score	CEFR	Time taken	Learner abilities
Language Use	81	B1	00:06	Learners at this level can typically... <ul style="list-style-type: none"><li>• demonstrate a good range of vocabulary related to familiar topics and everyday situations</li><li>• demonstrate a reasonable degree of grammatical control. Errors likely to occur when attempting more complex structures</li><li>• demonstrate good control of elementary vocabulary but errors still occur when attempting more complex ideas or handling unfamiliar topics and situations.</li></ul>
Listening	80	A2	00:27	Learners at this level can typically... <ul style="list-style-type: none"><li>• deal with everyday situations with predictable content, though the meaning may not always be clear</li><li>• use basic sentence patterns and communicate with memorised phrases or/and groups of a few words</li><li>• use some simple structures correctly and have sufficient vocabulary for communicating basic needs.</li></ul>

This is a space where you have the option to add your own message to students.

**Score guide**  
The Oxford Placement Test measures...  
Countdown Lift off Zoom Orbit  
Pre-A1 A1 A2 B1  
A1.1 A1.2 A2.1 A2.2 B1.1 B1.2  
0 1 2 3 4 5 6 7 8 9 10

Teachers should please be aware that the right hand side of the language scale is not recommended for a learner's score.

OXFORD UNIVERSITY PRESS

Etter gjennomført prøve kunne eleven få ei slik oppsummering (sjølvstilt tilpassa fag og prøve). «Learner abilities» kunne byttast ut med meistringsnivåbeskrivelsar eller tilsvarande.

Det kunne også gjerne blitt utarbeidd fleire ressursar for lærarar som beskriv eksempel på korleis elevar kan medverke i vurderingsarbeidet.